

Utval: Fylkesutvalet**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen**Dato:** 21.11.2019**Tidspunkt:** 11:00-14:30**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer	Merknad
Anne Gine Hestetun	Leiar	A	
Roald Kvamme	Medlem	A	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Helge Nævdal	Medlem	A	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Roald Stenseide	Medlem	FRP	
Pål Kårbø	Medlem	KRF	
Benthe Bondhus	Medlem	SP	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	Til kl. 14:00
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF	
Anne Beth Njærheim	Medlem	V	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Nils Marton Aadland	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Sigbjørn Framnes	Terje Søviknes	FRP
Stein Inge Ryssdal	Nils Marton Aadland	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Konst. fylkesrådmann
Nils Egil Vetlesand	Konst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør
Hilde Mæland Joranger	Leiar kommunikasjonsseksjonen
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Silje Lyngstad	Rådgevar fylkessekretariatet
Dianne Kiltvær	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Ingeborg Strandberg	Rådgevar fylkessekretariatet

Ingeborg Strandberg
sekretær

Sakliste

Utv- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off.
PS 207/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 208/19	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 209/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 152/19	Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Handlingsprogram 2017-2021 - Status og framdrift	2014/1180	
RS 153/19	Årsrapport frå elev- og lærlingombodet i Hordaland 2018/2019	2019/1740	
RS 154/19	Årsrapport 2018-19 frå mobbeombodet i Hordaland	2016/10915	
RS 155/19	Invitasjon til kulturpolitisk toppmøte 25. november 2019 - regionreform - drøfting av oppgavedeling på kulturområdet	2019/2930	
RS 156/19	Oversending av spørsmål frå fylkesutval Vestland - Deloitte si rolle i samband med pågåande kontroll av Ferde	2019/16750	
PS 210/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
PS 211/19	Delegerte saker		
DS 5/19	Refinansiering av sertifikatlån 350 mill. kr	2019/1396	
PS 212/19	Ymse		
PS 213/19	Rekneskapsrapport pr. oktober 2019	2019/18988	
PS 214/19	Energi Vestland - sluttkontingent	2019/11996	
PS 215/19	Kvalitetsmelding. Vidaregåande opplæring 2018/19	2019/17920	
PS 216/19	Søknad om tilskot til kjøp av ny arbeidsbåt mot marin forsøpling	2019/11402	
PS 217/19	Løyveforvaltninga i Hordaland løyvedistrikt 2018	2019/11963	
PS 218/19	Namn på haldeplassar og tunnelar for Bybanen byggetrinn 4 Fyllingsdalen	2019/13219	
PS 219/19	Status for Handlingsprogram 2019 - Premiss: Kultur. Regional kulturplan	2017/17129	

PS 207/19 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

PS 208/19 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slik merknad:

«Svaret på spørsmålet om «Kystsonenplanen, Sunnhordland og Ytre Hardanger» i førre møte inneheld informasjon som er motstridande til RS 149/19 «Planlegging 2018 – Regional og kommunal planlegging». Svaret burde difor og vert lagt under meldingssaker i same møtebok.»

Fylkesutvalet slutta seg til dette.

Vedtak

Møtebok frå møtet 31.10.2019 vart godkjent med slik merknad:

Svaret på spørsmålet om «Kystsonenplanen, Sunnhordland og Ytre Hardanger» i førre møte inneheld informasjon som er motstridande til RS 149/19 «Planlegging 2018 – Regional og kommunal planlegging». Svaret burde difor og vert lagt under meldingssaker i same møtebok.»

PS 209/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

RS 152-6/19 vart refererte.

PS 210/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

Ingen innkomne spørsmål.

PS 211/19 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

DS 5/19 vart teke til orientering.

PS 212/19 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

Orienteringar

Orientering om Ferde AS status per i dag v/ styreleiar Paul Nilsen.

Orientering frå sekretariat for kontrollutvalet v/ leiar Hogne Haktorson.

Open time

Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Kan fylkesordfører gjere greie for korleis det går med dagsturhytter i Hordaland. Kva kommunar har fått og korleis er midlane utlyst og delt ut?"

Administrasjonen hadde førebudd slikt svar:

"Fylkestinget i Hordaland løyvde i sak 28/19 (juni 2019) kr 2 mill. til prosjekt «dagsturhytter» og fylkesutvalet vedtok 30.08.19 prosjektplan for dagsturhytter i Hordaland 2019-2021. Dei løyvde midlane for 2019 vert nytta til å gje støtte til 10 hytter. I finansieringsmodellen ligg det eit fylkeskommunalt tilskot på kr. 200.000,- til kvar hytte, samt ei gåve frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane på kr. 100.000,-. Hyttene kan også få tildelt spelemidlar på inntil 1/3 av kostnaden.

Administrasjonen har samarbeidd tett med ulike avdelingar av Sogn og Fjordane fylkeskommune for å legge rammene for eit godt prosjekt til kommunane i Hordaland. På Dialogkonferanse for idrett og friluftsliv 17. -18. september vart kommunane orientert om i prosjektet, og kommunane fekk brev 2. oktober 2019 med invitasjon om å søkje midlar frå fylkeskommunen så snart som råd innan 15.12.2019. 5. november vart det gjennomført ein studietur for kommunane til Sogn og Fjordane der dei fekk sett 2 dagsturhytter. Ordførar, idrettskonsulent/kultursjef og næringssjef vart oppmoda om å delta. Fylkeskommunen sørgjer for anbudsutlysing og innstilling av leverandør. Kvar kommune skal sjølve skrive avtale med leverandør etter mal gitt av fylkeskommunen.

Med korte fristar og travle tider, er det kjekt å sjå at mange kommunar har prioritert å jobbe med dette. Det er sett krav om eit politisk vedtak i kommunen for å kunne søkje, og per 20.11.2019 har to kommunar meldt om vedtak, Bømlo og Bjørnafjorden, som byggjer hytte både i Os og Fusa. I tillegg har vi fått tilbakemelding på saker til handsaming i Kvinnherad, Vaksdal, Sveio og på Stord. Det er også kome signal frå Austevoll og Masfjorden at det vil kome ein søknad. Det er elles interesse i andre kommunar, men fleire melder at det ikkje er rom for å prioritere dette i 2019. Mellom anna gjeld dette nye Ullensvang og Alver kommunar (potensielt 6 hytter). Tilsagn vert gitt frå fylkeskommunen så snart portokoll frå vedtak i kommunen ligg føre.

Prosjektplanen (2019-2021) legg opp til bygging av inntil 35 hytter og medfører trong for fylkeskommunale løyvingar på til saman 5 mill. kr for åra 2020 og 2021. Fylkesrådmannen har ikkje funne rom for dette tiltaket i budsjettet for 2020."

PS 213/19 Rekneskapsrapport pr. oktober 2019

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. oktober 2019 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. oktober 2019 til orientering.

PS 214/19 Energi Vestland - sluttkontingent

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 103 500 som sluttkontingent til Energi Vestland i samband med avvikling av foreininga.

Budsjettendring:

Art	Stad	Tekst	Meirutg.	Mindreutg.
11953	120 910 00	Kontingentar	103 500	
14900	720 200 00	Tilleggsløyvingsskonto		103 500
			103 500	103 500

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

Tom Sverre Tomren (KrF) sette fram slikt forslag:

"Alternativ

Fylkesutvalet løyver tilsvarande kontingent for 3,5 mnd (dvs 30 000,-)."

Pål Kårbø (KrF) og **Roald Kvamme (A)** stilte spørsmål om dei var inhabile. Kårbø og Kvamme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Pål Kårbø og Roald Kvamme ikkje var inhabil.

Pål Kårbø og Roald Kvamme tiltredde saksbehandlinga.

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

"Endring

Endring i rådmann sitt forslag med "inntil 103 500"."

Tomren trekte sitt forslag.

Pål Kårbø (KrF) sette på vegner av A, Sp, KrF, SV, V, Frp og H slikt forslag:

"Tillegg på innstillinga i starten: Fylkesutvalet løyver inntil kr 103 500 som

Nytt avsnitt nedst:

Primært meiner Hordaland fylkesutval at det bør betalast inn sluttmidlar etter stemmedel, Hordaland vil då få 4/31, evt som del at medlemskontingent for 2020. då ville det blitt kontingent for 3,5 mnd av 100.000 kr."

Framnes trekte sitt forslag.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver inntil kr 103 500 som sluttkontingent til Energi Vestland i samband med avvikling av foreininga.

Budsjettendring:

Art	Stad	Tekst	Meirutg.	Mindreutg.
11953	120 910 00	Kontingentar	103 500	
14900	720 200 00	Tilleggsløyvingsskonto		103 500
			103 500	103 500

Primært meiner Hordaland fylkesutval at det bør betalast inn sluttmidlar etter stemmedel, Hordaland vil då få 4/31, evt som del at medlemskontigent for 2020. då ville det blitt kontigent for 3,5 mnd av 100.000 kr.

PS 215/19 Kvalitetsmelding. Vidaregåande opplæring 2018/19

Forslag til innstilling

Opplæring og helse tek Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2018/19 til orientering

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 06.11.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Opplæring og helse tek Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2018/19 til orientering

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek Kvalitetsmelding vidaregåande opplæring 2018/19 til orientering

PS 216/19 Søknad om tilskot til kjøp av ny arbeidsbåt mot marin forsøpling

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 300.000 i tilskot til Bergen og Omland friluftsråd til innkjøp av arbeidsbåt til innsatsen mot marin forsøpling og auka forvaltning av friluftsområda i Bergensregionen.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 300.000

Konto 10.400.450.03.14700 Bergen og Omland friluftsråd aukar med kr 300.000

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.11.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 300.000 i tilskot til Bergen og Omland friluftsråd til innkjøp av arbeidsbåt til innsatsen mot marin forsøpling og auka forvaltning av friluftsområda i Bergensregionen.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 300.000

Konto 10.400.450.03.14700 Bergen og Omland friluftsråd aukar med kr 300.000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

"Alternativ

Fylkesutvalet løyver kr 500.000 i tilskot til Bergen og Omland friluftsråd til innkjøp av arbeidsbåt til innsatsen mot marin forsøpling og auka forvaltning av friluftsområda i Bergensregionen."

Røysting

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga .

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 500.000 i tilskot til Bergen og Omland friluftsråd til innkjøp av arbeidsbåt til innsatsen mot marin forsøpling og auka forvaltning av friluftsområda i Bergensregionen.

PS 217/19 Løyveforvaltninga i Hordaland løyvedistrikt 2018

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek evalueringa av løyveforvaltninga i Hordaland 2018 til etterretning.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2019

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek evalueringa av løyveforvaltninga i Hordaland 2018 til etterretning.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek evalueringa av løyveforvaltninga i Hordaland 2018 til etterretning.

PS 218/19 Namn på haldeplassar og tunnelar for Bybanen byggetrinn 4 Fyllingsdalen

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek følgjande namn for haldeplassar og tunnelar langs Bybanen byggetrinn 4:

Haldeplassar: Kaigaten, Nonneseter, Bystasjonen, Fløen, Haukeland sjukehus, Kronstad, Mindemyren, Kristianborg og Fyllingsdalen terminal.

Tunnelar: Årstadtunnelen, Kronstadtunnelen og Fyllingsdalstunnelen

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2019

Gustav Bahus (Frp) sette på vegner av Frp og KrF fram slikt forslag:

«Endring:

Erstatt Haukeland sjukehus med Helseparken.»

Røysting

Bahus sitt forslag fekk 7 røyster (Frp, KrF, 3 A, MDG) og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag vart i det øvrige samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek følgjande namn for haldeplassar og tunnelar langs Bybanen byggetrinn 4:

Haldeplassar: Kaigaten, Nonneseter, Bystasjonen, Fløen, Haukeland sjukehus, Kronstad, Mindemyren, Kristianborg og Fyllingsdalen terminal.

Tunnelar: Årstadtunnelen, Kronstadtunnelen og Fyllingsdalstunnelen

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

Tom Sverre Tomren (KrF) sette fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet vedtek følgjande namn for haldeplasser og tunneler langs bybanen byggetrinn 4:
- som framlegg fra fylkesrådmannen, med endring av Haukeland sjukehus til Ulriken helsepark."

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Endring:

Erstatt Haukeland sjukehus med Helseparken.»

Røysting

Innstilling med Framnes sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.
Innstillinga med Tomren sitt forslag fekk 6 røyster (Sp, KrF, Frp 1H) og fall.
Innstillinga fekk 9 røyster (A, SV, V, 2H) og vart vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek følgjande namn for haldeplassar og tunnelar langs Bybanen byggetrinn 4:

Haldeplassar: Kaigaten, Nonneseter, Bystasjonen, Fløen, Haukeland sjukehus, Kronstad, Mindemyren, Kristianborg og Fyllingsdalen terminal.

Tunnelar: Årstadtunnelen, Kronstadtunnelen og Fyllingsdalstunnelen.

PS 219/19 Status for Handlingsprogram 2019 - Premiss: Kultur. Regional kulturplan

Forslag til vedtak

Fylkestinget tek statusrapport 2018 til vitande.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.11.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

Fylkestinget tek statusrapport 2018 til vitande.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.11.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek statusrapport 2018 til vitande.